

**Store skader på vassverket**

04.11.2013

**Det har no vorte klårt at skadene på vassverkets installasjonar i Eikeelva vart langt større enn det såg ut i fyrste omgang. Det har gått hardt utover det elektroniske styringssystemet og det vil ta ei tid før det er reparert, konstaterar leiar Hans Reidar Kjærland. Truleg har det vore direkte nedslag i vassverkhuset.**

Heldigvis er det mogeleg å satsa på manuell styring og det vert no gjennomført, med tilsyn av ekspertar 2-3 gonger om dagen. Det må skiftast ut ein del komponentar og i fyrste omgang vert det foreteke ein grundig dokumentasjon av skadane.

Kjærland strekar under at vassforbrukarane ikkje treng å gjera noko meir og at forsyninga no igjen er normalisert. uskedalen.no har rett nok fått ei klage frå Halsabrotet over kvitfarga vatn med spørsmål om vatnet må kokast, men svaret er nei, forsikrar Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen